

## Referat eigarmøte i Invest in Bergen og Etablerersenteret 12. mars 2021

**Dato:** 12.mars 2021 kl. 10:00–12:00

**Stad:** Teams

**Til stades:** Sjå vedlegg

### Gjennomgang av aktivitetar Invest in Bergen 2020, og planer for 2021

Tone Hartvedt og Vidar Totland gjekk igjennom aktivitetar, nyetableringar og prosjekt Invest in Bergen ha jobba med i 2020, og kva for planar som ligg i handlingsplanen for 2021. Dette er nokre av aktivitetane. Vedlagt i mailen ligg presentasjonen frå eigarmøtet for nærmere informasjon.

- Invest in Bergen skal framleis satse på marknadsføring av næringane i regionen
- Få god oversikt over store næringsareal i regionen, og marknadsføre dei
- GreenByte – fasilitere for datasenteretablering i regionen
- Følgje opp kraftnettsaka
- Samt hjelpe nye verksemder på plass i regionen

### Årsrapport Invest in Bergen 2020

Ingen kommentarar til årsrapporten eller til rekneskapen.

### Mandat Invest in Bergen

Justert mandat for Invest in Bergen vart vedteke. Det nye er korleis oppnevne valkomité og foreta val til styringsgruppa til Invest in Bergen.

### Val av representantar til styringsgruppe Invest in Bergen

Følgjande vart vald inn i styringsgruppa til Invest in Bergen for perioden 2021-2023:

Representantar for kommunane:

Tom Georg Indrevik, Ordførar Øygarden kommune  
Hans-Erik Ringkjøb, Ordførar Voss herad  
Trine Lindborg, Ordførar Bjørnafjorden kommune  
Siv Høgtun, Ordførar Askøy kommune  
Karstein Totland, Ordførar Masfjorden kommune  
Elin Sjødin Drange, Næringssjef Bergen kommune

Frå Vestland fylkeskommune er desse representantane vald:

Sigrid Brattabø Handegard  
Sigbjørn Framnes

Styringsgruppa må konstituere seg sjølv.

### Årsmelding Etablerersenteret 2020, handlingsplan 2021, inkl. økonomi

June Kristiansen og Kathrin Jakobsen presenterte aktiviteten i Etablerersenteret 2020, og prioriteringar for 2021.

Presentasjonen ligg ved for nærmere informasjon.

I møtet tok Bård Sandal opp utfordringa knytt til at Etablerersenteret i dag ikkje har ei styringsgruppe.

Tor André Ljosland bad om at Etablerersenteret i samråd med fylkeskommunen vurderer behovet for ein styringsgruppe og kjem attende til eigarmøtet med eit forslag om hvordan denne eventuelt bør sjå ut.

Tone Hartvedt  
referent  
15. mars 2021